



## **Utkast til arbeidsprogram for Fjell kulturminnelag for 2020**

- Utstilling av landbruksutstyr m.m. i møkakjellaren i Knarrevikløa.

Reinsing for mott av aktuelle gjenstandar, flytting til og plassering i møkakjellar, tilrettelegging av gjenstandane, utforming og plassering av infomateriell og montering av naudsynt belysning.

Vår/sommar/tidleg haust

- Knarrevikløa

Rydding i attståande gjenstandar på skukken og fjerning av panel langs langveggane.

Rydding/fjerning av ugras/tre utvending

- Opa tilskiping våren 2020.

Onsdag 20. mai vert det omvising om bord på rutebåten "Vestgar" med orientering om båten og kåseri ved Erling Virkesdal om rutebåtane og sambanda i området vårt opp gjennom tidene.

- Gamal skytebane i Kollveitmarka

Rydding på og kring standplass . Vår

- Nordvikkverna

Ytre vedlikehald med m.a. breiing av bygget og rydding/bortkøyring av tre/rusk. Vår/sommar.

- Smia på Ulveset

Naudsynt tilsyn

- Bekkabruna

Byggja opp att det av topplaget på bruva som er borte ,ved å leggja på nye steinheller

- Gamle Brattholmen skule

Freista å få til samarbeid med kommunen, Brattholmen skule og folk i skulekrinsen for å få vurdert tilstanden til skulehuset og laga ein plan for å få ordna det som er naudsynt, for å tryggja bygget framover

- Langøymarknaden

Mønstra på marknaden laurdag 29. og sundag 30. august for å skaffa medlemer og ha boksal.

- Allsong på kysten

Skipa songkveld fredag 4. september 2020 på Notloftet på Vindenes. Kunngjering i kring midten av august månad og med frist for påmelding til mandag 31. august.

- Opa tilskiping hausten 2020

Vert kunngjort seinare.

- Få med fleire medlemar

Få med nye medlemer og motivera tidlegare medlemer til å betala årspengar til kulturminnelaget.